


A decorative graphic on a light blue background. It features stylized white wavy lines representing water or hills. Overlaid on these are numerous small black triangles pointing upwards, arranged in vertical columns of varying heights to represent mountains or hills.

Langtidssjuke i institusjon og heimeteneste

Samarbeidsavtale mellom (...) kommune og Vestland
tannhelseteneste

INNHALD

1.0 Generelt om samarbeidsavtaler	3
2.0 Samarbeidsavtale med (...) kommune	3
2.1 Føremål med avtalen.....	3
2.2 Evaluering og kvalitetsindikatorar	3
2.3 Målgruppe	3
3.0 Partane sitt ansvar og plikter	6
3.1 Vestland tannhelseteneste	6
3.2 (...) kommune.....	8
4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet.....	10
5.0 Avtalesignering	11
6.0 Avtaletilpassing	12
7.0 Vedlegg	13
1. Kvalitetsindikator	14
2. Samtykkeerklæring	15
3. Tilbod om undervisning til tenesteområda i kommunen – personalet	18
4. Personvern	19

(revidert oktober 2023)

1.0 Generelt om samarbeidsavtaler

Samarbeidsavtaler med kommunane i Vestland skal sikre at Vestland tannhelsetenesta kan gje eit regelmessig og oppsøkande tilbod til barn og unge (0-20 år), personar med psykisk utviklingshemming over 18 år, langtidssjuka i institusjon og heimesjukepleie, personar med ruslidingar, personar i fengsel og flyktingar, asylsøkarar og familiesameinte busett i statlege mottak. Tannhelsetilbodet skal vere oppsøkande og regelbunden og førebyggjande tiltak skal prioriterast før behandling.

Vestland tannhelsetenesta har ei eiga [nettside for samarbeidspartane](#) til tannhelsetenesta der kommunar og andre finn meir informasjon.

2.0 Samarbeidsavtale med (...) kommune

2.1 Føremål med avtalen

Samarbeidsavtalen skal sikre at brukarane får tilpassa tann- og munnhelsetenester. Dette skal gjelde uavhengig av bustad, diagnose og sosial bakgrunn. Samarbeidsavtalen skal bidra til kompetanseheving av tilsette i den kommunale helse- og omsorgstenesta, og redusere skilnad i helse generelt og tannhelse spesielt for målgruppa.

2.2 Evaluering og kvalitetsindikatorar

Tannhelsetenesta skal årleg vurdere det faglege innhaldet i samarbeidsavtalen. Ved endringar i avtaleteksten, skal tannhelsetenesta informere kommunane. For å gjere det førebyggjande arbeidet kunnskapsbasert, skal vi bruke kvalitetsindikatorar i samarbeidet, sjå vedlegg.

2.3 Målgruppe

Pasientar som blir omfatta av tannhelsetenestelova § 1-3 første ledd bokstav c, «eldre, langtidssyke og uføre i institusjon eller heimesykepleie» blir ofte omtala som «gruppe C-pasientar». Desse pasientane har rett til nødvendig tannhelsehjelp i det fylket der dei bur eller midlertidig oppheld seg. Fylkeskommunen har, på si side, plikt til å gi pasientane eit regelmessig og oppsøkande tilbod i den offentlege tannhelsetenesta. I praksis er tilhøyrsløse til gruppe C uavhengig av diagnose og tilstand. *Både somatisk og psykisk sjuka og personar med ruslidingar kan omfattast av gruppa.*

Pasientar i institusjon

Pasientar som er innlagt i institusjon har rett til nødvendig tannhelsehjelp frå den offentlege tannhelsetenesta.

Omgrepet «institusjon» omfattar alle kommunale eller statlege helseinstitusjonar, samt private helseinstitusjonar som har avtale med kommune eller regionalt helseføretak. Opphald i private behandlingsstader som verken har avtale med kommune eller regionalt helseføretak fell utanfor. Det same gjer poliklinisk behandling som ikkje fører til innlegging i institusjon.

Pasientar i heimesjukepleie

Pasientar som har vedtak om helsetenester i heimen etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 6 bokstav a, har rett til nødvendig tannhelsehjelp frå den offentlege tannhelsetenesta, dersom tenestene pasienten tek i mot vert rekna som heimesjukepleie.

Med heimesjukepleie er det meint helsetenester i heimen i form av lettare behandling, sårbehandling, legemiddelhandtering, psykiatrisk sjukepleie mv.

Heimesjukepleie må skiljast frå hjelp som personleg assistanse og praktisk bistand. Dette kan for eksempel vere hjelp til matlaging, dusj og stell, hjelp til å gå i butikken, møte til avtaler osv. Denne typen hjelp vert ikkje rekna som heimesjukepleie.

Heimesjukepleie må også skiljast frå andre helsetenester i heimen. Andre helsetenester i heimen som ikkje vert rekna som heimesjukepleie kan for eksempel vere fotterapi, fysioterapi- eller ergoterapitenester.

Det er ikkje avgjerande at helsehjelpa vert gitt av ein sjukepleiar eller av anna helsepersonell. Det avgjerande er typen hjelp som vert gitt. Sjå «[Veileder for saksbehandling](#)» for meir informasjon om tildeling av helse- og omsorgstenester etter § 3-2 nr. 6.

Kva er meint med «i heimen»?

Heimesjukepleie tar utgangspunkt i heimen til pasienten. Med heim er det også meint omsorgsbustad, bufellesskap, trygdebustad og andre private eller kommunale tilpassa bustadar som ikkje er institusjon. Det er ikkje eit absolutt krav at tenesta vert utført innandørs i heimen til pasienten, men tenesta må ta utgangspunkt i heimen.

Helsetenester som vert tilbydd utanfor heimen til pasienten, eller som pasienten oppsøker sjølv, vert ikkje omfatta. Dette inneber at tenester som vert ytt ved hjelp av ACT-/FACT-team og liknande ambulerande teneste ikkje gir rettar til tannbehandling i den offentlege tannhelsetenesta.¹

¹ ACT-/FACT-team er tverrfagleg samansette team som leverer oppsøkande og heilskaplege tenester til personar med behov for behandling av rus og psykiske lidingar.

Tilleggsvilkår for rett til gratis tannbehandling

I [Forskrift om vederlag for tannhelsetjenester i den offentlige tannhelsetjenesten \(lovdata.no\)](#) og i [departementet sine merknadar til forskrifta](#) er det gitt enkelte tilleggsvilkår som må oppfyllest for at ein skal ha rett til at tannbehandlinga er gratis:

Tremånadarskravet

Pasientane har rett til å få nødvendig tannhelsehjelp gratis når institusjonsopphaldet eller heimesjukepleia frå kommunen har vart, eller er meint å vare, i tre månadar eller meir. For pasientar som vert tildelt helse- og omsorgstenester frå kommunen, enten i institusjon eller i heimen, vil det gå fram av tildelingsvedtaket kor lenge tenestene vert tildelt for. Viss tannbehandlinga pasienten treng har samanheng med, eller påverkar den sjukdommen som pasienten vert behandla for, skal nødvendig tannhelsehjelp vere gratis frå første dag.

Regelmessigheitskravet

Når pasienten tar i mot tenester i form av heimesjukepleie, må kommunen gje heimesjukepleie minst ein gong i veka for at pasienten skal ha rett til å få nødvendig tannhelsehjelp gratis frå den offentlege tannhelsetenesta. Ved tradisjonelle heimesjukepleietenester, inneber dette at pasienten får besøk frå ein tilsett i heimetenesta minst ei gong i veka. Viss heimesjukepleie vert gitt med velferdsteknologi, for eksempel med ein elektronisk medisindispenser, er regelmessigheitskravet oppfylt når ein vurderer at pasienten ville ha fått besøk av ein tilsett i heimetenesta minst ein gong i veka viss ein hadde gitt tenester på den tradisjonelle måten. Multidosett blir ikkje rekna som velferdsteknologi.

Kor lenge varer retten til gratis tannbehandling?

Retten til gratis tannbehandling varer så lenge pasienten er innlagt på institusjonen eller så lenge pasienten har vedtak om heimesjukepleie, og fell vekk når institusjonsopphaldet er ferdig og vedtak om heimesjukepleie er avslutta.

3.0 Partane sitt ansvar og plikter

(...) kommune og Vestland tannhelseteneste skal samarbeide for å kunne gje pasientar i målgruppa eit heilskapleg og samordna tenestetilbod (jf. helse- og omsorgstenestelova og tannhelsetenestelova).

3.1 Vestland tannhelseteneste

1. Tannhelsetenesta skal delta i faste samarbeidsmøte med heimesjukepleie, sjuke-/aldersheim og institusjonar ein gong i året. Tannhelsetenesta er ansvarleg for møteinnkalling og referat.
2. Tannhelsetenesta har ansvar for å gje tilsette på sjuke-/aldersheim og i institusjon fagleg støtte, opplæring og rettleiing etter dei til ei kvar tid gjeldande tilrådingane for god oral helse/tannhelse.
3. I samarbeidsmøte skal det utarbeidast ein systematisk plan/tema for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte ([vedlegg 3](#)).
4. Kvar tannklinikk/klinikkområde skal utnemne ein kontaktperson som har ansvaret for samarbeidet med heimetenesta og sjuke-/aldersheim.
5. Tannklinikken opprettar journal og kallar inn pasienten når kommunen har levert utfylt samtykkeerklæringsskjema om at brukar har takka ja til gratis tannhelsetenester.
6. Tannhelsetenesta skal sikre at brukaren får nødvendig undersøking, diagnostikk og tannbehandling i tråd med Helsedirektoratet sin «[Veileder for god klinisk praksis i tannhelsetjenesten](#)» (IS-1589).
7. Tannhelsetenesta skal ved behov delta i utforminga av brukarar sin individuelle plan/pleieplan.
8. Tannhelsetenesta skal gje kontaktperson relevant informasjon om brukarane, for eksempel plan for vidare behandling og oppfølging av utført tannbehandling.
9. Tannhelsetenesta skal gje skriftleg tilbakemelding til aktuell kommunal teneste om det som er relevant etter kvart besøk hos tannhelsetenesta, som for eksempel kva tiltak som er nødvendige for at brukaren kan oppnå og sjølv bidra til å oppretthalde akseptabel oral helse. Tilbakemeldingane frå tannhelsetenesta skal sikre at den kommunale tenesta, i samråd med tannhelsepersonellet, kan bidra til å motivere og hjelpe brukar med eigenomsorg som kosthald og tann- og munnstell.
10. Tannhelsetenesta skal legge til rette for at nødvendig tannbehandling blir utført til tider som passar brukaren og på ein måte som gjer det enklast mogleg for både pasient/brukar og tenestestad å bruke tilbodet.
11. Tannhelsetenesta har prosedyrar for korleis vi handsamar personopplysningar (til dømes pasientlister) frå kommunen, slik at sensitiv informasjon ikkje kjem på avvegar.

12. Pasientar som tar i mot heimesjukepleie (gr. C2) har rett til å få refundert reiseutgifter til behandling ved offentleg tannklinikk frå fylkeskommunen. Tannhelsetenesta skal informere pasienten, og den som følger pasienten, om rett til å få refundert reiseutgifter som overstig den årlege eigenandelen. Behandlar avgjer om pasienten har rett til å få dekkja drosje av helsemessige årsaker eller fordi rutetider for offentleg transport tilseier at det er mest føremålstenleg. Tannklinikken kan ved behov be lege stadfeste om pasienten av helsemessige årsaker har behov for transport i drosje.

3.2 (...) kommune

1. Aktuelle personar frå kommunen si heimeteneste, psykisk helseteneste, institusjonar, sjuke- og aldersheim skal delta i dei faste samarbeidsmøta som tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune kallar inn til.
2. I samarbeidsmøte skal det utarbeidast ein systematisk plan/tema for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte ([vedlegg 3](#)).
3. Kommunen skal sikre at munn- og tannstell inngår i kommunen sin opplæringsplan og i brukarane sin individuelle plan/pleieplan.
4. Ved behov for å gjennomføre nødvendig pleie og omsorg av munn og tenner på personar med manglande samtykkekompetanse som motset seg helsehjelpa, så er det pleiepersonellet og/eller overordna fagleg leiar for det personellet som skal utføre pleie og omsorga som skal fatte vedtaket om tvang. Pleiepersonellet kan ha dialog med tannklinikken for å diskutere behovet for munn- og tannstell og behovet for å utføre det under tvang.
5. Kvar helseteneste/avdeling/sone/institusjon utnemner ein kontaktperson som har ansvar for samarbeidet med den lokale tannklinikken.
6. Kommunen skal sikre at alle brukarar av heimetenester, som etter lova har rett til gratis tannhelsetenester, får informasjon om tilbodet. Kommunen formidlar informasjon om dette i vedtaket til brukaren. I vedtaket opplyser kommunen brukaren om at tannhelsetenesta vil få nødvendige personopplysningar, med mindre brukaren set seg mot dette.
7. Den aktuelle tenesta skal gå gjennom samtykkeerklæringsskjema ([vedlegg 2](#)) med alle brukarar som har rett på offentleg tannhelsetenester. Kommunen har ansvar for å levere signert og fullstendig utfylt samtykkeerklæringsskjema til tannklinikken for dei brukarane som har takka ja til tannhelsetenesta sitt tilbod. Brukaren fyller ut side 1 på samtykkeerklæringsskjema og den kommunale tenesta side 2. Eventuell medisinske og aktuelle helseopplysningar skal også leggjast ved samtykkeerklæringsskjema før tenesta sender inn skjema til tannklinikken. Kommunen og tannklinikken skal avtale korleis ein best løyser innsending/levering av skjema til tannklinikken på samarbeidsmøte og notere det under punktet tilpassing av avtale.
8. I tillegg til å informere om nye brukarar, så skal kommunen informere tannklinikken når det er brukarar som ikkje lenger har rettar (avslutta vedtak) eller brukarar som ikkje lenger ønsker å ta i mot tilbodet, brukarar som har flytta eller som er døde. Kommunen skal sende oppdaterte endringslister til tannklinikken fire gonger per år. Heimetenesta/psykisk helseteneste/institusjonen og tannklinikken skal avtale korleis ein best løyser innsending/levering av endringslister til tannklinikken på samarbeidsmøte og notere det under punktet tilpassing av avtale.
9. Når kommunen endrar eller avsluttar vedtak som fører til at pasienten ikkje lenger har rettar i den offentlege tannhelsetenesta, så skal kommunen sikre at pasienten blir gjort kjent med det og støtte pasienten med å oppsøke vidare oppfølging i offentleg eller privat tannhelseteneste.

10. Kommunen skal i desember kvart år sende summert tal på e-post til tannklinikken om kor mange brukarar som har takka nei til tannhelsetenesta sitt tilbod i inneverande år.
11. Kommunen skal sikre at relevant og rett informasjon om brukaren sin helsetilstand og medikamentbruk blir gitt til tannhelsetenesta saman med samtykkeerklæringsskjema.
12. Der brukaren har utfordringar med å møte på tannklinikken, bør tannklinikken og tenestestad i samarbeid finne gode løysingar.
13. Der brukar med psykisk sjukdom, rusliding eller alvorleg somatisk sjukdom har barn, bør kommunen tilvise desse borna til tannhelsetenesta då dei kan ha høg kariesrisiko. Brukar bør også få tilbod om hjelp til å ta vare på tannhelsa til barnet. Sjå meir i [Nasjonal fagleg retningslinje for tannhelsetenester til barn og unge 0-20 år](#).

4.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet

- Brukaren sitt behov skal vere styrande for samarbeidet.
- Samarbeidet mellom (...) kommune og Vestland fylkeskommune skal sikre at brukaren får god informasjon, samtykker til behandlinga og blir tatt med på avgjersler som har noko å seie for eiga helse.
- Samarbeidet skal sikre at brukaren kan oppretthalde god oral helse. Dette inneber at brukaren:
 - ikkje har smerte, ubehag eller alvorlege lidingar i munnhola
 - har tilfredsstillande tyggefunksjon
 - kan kommunisere og ha sosial omgang, utan problem som skuldast munn- og tannhelse.
- I møte med psykisk og/eller fysisk langtidssjuka i institusjon og heimesjukepleie, skal alle behandlast rettferdig og med respekt.
- Vi prioriterer førebyggjande tiltak før behandling og det er eit mål at den enkelte, i størst mogleg grad, skal vere i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Samhandlinga mellom Vestland fylkeskommune og kommunen er prega av ønske om kontinuerleg forbetring av tannhelsetilbodet til målgruppa.
- Samarbeidet er forankra i toppleiinga i Vestland fylkeskommune og kommunen. Alle som jobbar med målgruppa for avtalen er kjend med den.
- Vestland fylkeskommune og kommunen arbeider kunnskapsbasert og har fokus på å identifisere positive og negative faktorar som verkar inn på tannhelse.
- Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid sikrar at vi når alle som treng tannhelsetenester.
- Det skal vere låg terskel for partane til å ta kontakt med kvarandre.
- Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune bør delta i arbeidet med individuelle planar/pleieplanar der dette er aktuelt.

5.0 Avtalesignering

Avtalen må reviderast ved endring i lovverk, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen blir automatisk forlenga med eitt år om gongen, med mindre anna er meldt frå om skriftleg. Avtalen gjeld fram til ny avtale blir utarbeidd og tatt i bruk.

(...) kommune –
(gjeldande etat)

Vestland fylkeskommune –
tannhelsetenesta

dato underskrift, representant frå
kommunal helse- og
omsorgsteneste

underskrift, representant frå
tannhelsetenesta

6.0 Avtaletilpassing

Noter her om det er nødvendig med endringar eller tilpassingar i avtalen (dato og signatur frå begge partar):

7.0 Vedlegg

1. Kvalitetsindikator

2. Samtykkeerklæring

3. Tilbod om undervisning til tenestoområda i kommunen - personalet

4. Personvern

1. Kvalitetsindikator

For å kunne følge med på om samarbeidet bidrar til betre tannhelse til målgruppa, kan følgande indikatorar nyttast:

Indikator	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Dekningsgrad (ant. pers. i målgruppa/ant. pers. behandla)						
C1						
C2						
Belegg- og slimhinneindeks (BSI):						
C1						
C2						



2. Samtykkeerklæring

Namn: _____

Adresse: _____

Fødsels- og personnummer: _____

Telefon: _____ Ønsker timeinnkalling på SMS: _____

For brukar:

Du/verje har fått informasjon om at du har rett på gratis nødvendig tannbehandling hos den offentlege tannhelsetenesta.

Kryss av:

☐ **Eg takkar ja til tilbod om gratis tannbehandling.**

- Eg samtykker i at tannhelsetenesta og pleiepersonale kan utveksle informasjon om min helsetilstand og eventuelt medisinbruk som har innverknad på tannhelsa og tannbehandling.
- Pleie- og omsorgstenesta skal fylle ut side 2 og levere samtykkeskjemaet til tannklinikken.
- Om du ønsker å trekke samtykket til tilbod om tannbehandling, må du informere kommunen din om det.
- Retten til gratis tannbehandling varer så lenge du tar i mot gitte tenester etter helse- og omsorgstenestelova

☐ **Eg takkar nei til tilbod om gratis tannbehandling.**

Om du ikkje ønsker tilbod om tannbehandling no, men vil ta i mot tilbodet ved eit seinare høve, vil du ikkje miste retten til tannbehandling. Du må då skrive under på ny samtykkeerklæring der du takkar ja.

Kva kan den offentlege tannhelsetenesta tilby?

Tannbehandlinga du får tilbod om tar sikte på å gje deg ei akseptabel oral helse og at du i størst mogleg grad er i stand til å ivareta di orale helse. Tannbehandlaren din vurderer kva behandling som vil vere nødvendig og fagleg forsvarleg for å gje deg ei akseptabel oral helse. Vurderinga skal vere i tråd med Helsedirektoratet sin rettleiar, "God klinisk praksis i tannhelsetenesta – ein rettleiar i bruk av fagleg skjønn ved nødvendig tannbehandling". Akutt tannbehandling, førebyggjande tiltak og opplæring i ta vare på munn- og tannhelsa di vil bli prioritert først før anna nødvendig behandling.

Vi kan ikkje gi deg nokon lovnadar om spesifikke behandlingsformer. Viktige faktorar for kva behandling som er mogleg å tilby deg er dine evner til å sjølv ta ansvar for kosthald, tobakksvanar, tann- og munnstell og å følge opp behandlinga.

Lause protesar kan i nokre tilfelle vere eit riktig behandlingsval ved behov for erstatning av tapte tenner. Det er ikkje aktuelt å erstatte alle tapte tenner.

Brukarar med vedtak om kommunal heimesjukepleie har rett til å få refundert reiseutgifter som overstig ein årlege eigenandel. Du finn meir informasjon og søknadsskjema på vlfk.no/tannhelse eller spør om hjelp på tannklinikken.

Dato: _____

Underskrift: _____

Vestland fylkeskommune behandlar personopplysningane dine etter personopplysningsloven § 1-3 og personvernforordninga sin artikkel 6 nr. 1, bokstav e og artikkel 9 nr. 2, bokstav h. Vi behandlar personopplysningane dine som er nødvendig for å utføre våre lovpålagte oppgåver. På våre internettsider finn du informasjon om vår behandling av personopplysningane (Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune sin personvernerklæring).

Dersom brukaren takkar ja, ber vi om at pleie- og omsorgstenesta fyller ut og stadfestar:

- Tenesteområde/avdeling: _____
- Kontaktperson: _____
- Telefonnr. til tenesteområde: _____
- Namn og kontaktinfo til pårørende, ev. verje: _____

Kva gruppe har brukaren rettar etter? (kryss av i korrekt boks)

☐ **Gruppe C1: Langtidssjuk i institusjon.**

Med "institusjon" i denne samanheng er det meint sjukehus, sjukeheim, aldersheim o.l. Både kommunale og statlege institusjonar er omfatta i institusjonsomgrepet.

☐ **Gruppe C2: Langtidssjuk i heimesjukepleie.**

Brukaren har helsetenester i heimen på grunn av vedtak etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 pkt. 6 bokstav a. Helsetenester i heimen. Heimesjukepleia skjer minst ei gong i veka.

Er brukaren innlagt i institusjon eller har vedtak på grunn av psykiske helseplager? (kryss av i korrekt boks)

- ☐ Nei
☐ Ja

Har tenestene vart i meir enn tre månadar?

- ☐ Ja
☐ Nei, men tenestene er forventa å vare i meir enn tre månadar

Oppdatert medisinliste ligg vedlagt ved innsending av samtykkeerklæring:

- ☐ Ja
☐ Nei, fordi _____

Relevante helseopplysningar/diagnosar: _____

Brukaren har:

- ☐ Eigne tenner
☐ Eigne tenner og laus protese
☐ Heilprotese

3. Tilbod om undervisning til tenesteområda i kommunen – personalet

Kompetanseoverføring: Det er eit aukande behov for kompetanse på tannhelsefeltet. Den offentlege tannhelsetenesta skal organisere førebyggjande arbeid innan tannhelse, og skal difor ha fokus på rettleiing og undervisning om tannhelse til pleie- og omsorgspersonell og til andre som gir tenester til personar med ulike behov.

Tannhelsetenesta har ansvar for å gje tilsette i kommunen fagleg støtte, opplæring og rettleiing etter dei til ei kvar tid gjeldande tilrådingane for god oral helse/tannhelse.

I samarbeidsmøte blir det utarbeidd ein systematisk plan for gjensidig opplæring, rettleiing og fagleg støtte slik at omsorgspersonell har nødvendig kunnskap til å ivareta den enkelte brukar si orale helse. Kommunen skal sikre at munn- og tannstell inngår i kommunen sin opplæringsplan og i brukaren sin individuelle plan/pleieplan.

Ønsker de undervisning i år:

JA

☐

NEI

☐

Dersom JA:

Korleis ønsker de at undervisninga skal gjennomførast (samla/avdelingsvis osv.) og kven er ansvarleg?

Ønska tidspunkt for undervisning:

Dersom NEI:

Kvifor:

Dato:

Underskrift: _____

Tilbodet er eit ledd i kvalitetssikring og dokumentasjon, jf. samarbeidsavtalen sitt punkt 3.0 – Partane sitt ansvar og plikter.



4. Personvern

Vestland fylkeskommune samlar inn personopplysningar som er nødvendige for å utføre våre lovpålagte tenester. Dei innsamla data om deg er trygge hos oss. Har du spørsmål om vår behandling av dine personopplysningar, kan du ta kontakt med oss på tannhelse@vlfk.no eller på tlf.: 05557.

